

## STYRESAK

**GÅR TIL:** Styremedlemmer  
**FØRETAK:** Helse Fonna HF  
**DATO:** 20.09.18  
**SAKSHANDSAMAR:** Helga S. Onarheim  
**SAKA GJELD:** **Endringsprosess organisering og leiing**

**STYRESAK:** 62/18

**STYREMØTE:** 27.09.18

---

### FORSLAG TIL VEDTAK

#### Forslag til vedtak:

1. Styret i Helse Fonna HF tar orientering om endringsprosess til orientering
2. Styret i Helse Fonna HF ber administrerende direktør gjennomføre prosessen i dialog og samarbeid med medarbeidarar, tillitsvalde og vernetenesta på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet blir ivaretatt.

### **Bakgrunn for saka**

Det har dei siste åra vore gjennomført ei rekke prosjekt i føretaket, ByggHaugesund2020, utviklingsplan Helse Fonna HF og prosess for leiing- og organisering, som skal vere med å understøtte dei oppdraga føretaket skal levere på framover. Arbeidet med organisasjonsutvikling har involvert breidt i føretaket. Føretaket vil framover i verksetje dei planane som er vedtekne og må med bakgrunn i dette gjennomføre endringsprosessar.

### **Ny organisering - konsekvensar og omfang**

Nytt organisasjonskart vart vedteke i juni 2018 jamfør styresak 43/18.

I ny struktur vil avdelingar knytt til ulike fagmiljø bli samlokalisert på ein ny måte, der ein samlar dei store pasientforløpa på tvers av ulike fagområder og gamle strukturar. Dette sikrar gode pasientforløp, nærleik til kompetansen, effektiv bruk av ressursar og auka kvalitet og pasienttryggleik. Ved Haugesund sjukehus skal det etablerast ein felles mottaks- og observasjonspost med fleire senger enn i dag. Ny mottaks- og observasjonspost må bemannast opp og ressursar til denne posten må hentast frå andre einingar. Laboratoriet i Haugesund skal fullautomatiserast og med bakgrunn i dette skal eininga ta ned årsverk.

Omfanget av endringa som føretaket må gjennomføre for å nå krav knytt til gevinstrealisering er identifisert i ByggHaugesund2020. Dette er forankra i drøfta talgrunnlag knytt til: Hovudfunksjonsprogrammet, drøfta og vedteken Konseptfaserapport med vedlegg, drøfta og vedtekne Forprosjektrapport med vedlegg, vedtekne vegval knytt til OU-prosessar ByggHaugesund2020 og arbeidet i gevinstrealiseringsgruppa med oppdatert og forankra gevinstrealiseringsrapport.

### **Trinn i endringsprosess**

Endringsprosess vil bli gjennomført i linja, eigd av administrerande direktør. Prosessen skal skje i tett samarbeid med prosjektdirektør for ByggHaugesund2020 for å sikre effektivering av dei vedtak som er gjort i samband med bygg. HR vil fasilitere prosessen.

Føretaket ser det som eit vesentleg prinsipp å få på plass leiarar som første trinn i endringsprosessen. Dette for å sikre at det er leiarar som kan ivareta medarbeidarane i den vidare endringsprosessen. Tilsettingsprosess for klinikkdirektør medisin Haugesund og Odda og klinikkdirektør for medisinske tenester og beredskap er gjennomført og nye direktørar starta opp i stillingane 12.09.18.

Ny organisering medfører endringar for eit mindre tal leiarar på 3. nivå. Endringar i organisasjon og leiarstrukturen medfører små endringar på leiar nivå 3. For ikkje å setje alle leiarar på 3. nivå i omstilling har ein drøfta prosess for avklaring av leiarar på 3. nivå med tillitsvalde.

Så snart avdelingsleiarar (nivå 3) er på plass startar dei saman med respektive klinikkdirektørar å planlegge organiseringa av 4. nivå. Føretaket har som mål at dette leiarnivået skal vere på plass innan medio januar 2019.

Planlagt tilnærming endringsprosess ny organisasjons- og leiarstruktur - forenkla framstilling:

1. Dialog og søke frivillige løysingar med berørte leiarar på nivå 3 (klart innan 17.10.18)
2. Klinikkdirrektør og avdelingsleiar planlegg organisering av leiarnivå 4 (ny organisering drøfta og vedteke innan 13.11.18)
3. Etablere leiarar på nivå 4 (klart innan medio januar 2019)
4. Utarbeide kompetansekrav og nye bemanningsplanar/arbeidsplanar for alle einingar i samsvar med vedteken plan for gevinstrealisering (klart innan primo april 2019)
5. Innklassere aktuelle medarbeidarar i ny organisasjon (klart innan ultimo juni 2019)

Det er eit mål at endringsprosessen er ferdigstilt innan sommaren 2019, slik at organisasjonen er klar til å starte vidare arbeid knytt til andre store prosessar i ByggHaugesund2020. Prosjektdirektør ByggHaugesund2020 skal sikre dei vidare organisasjonsutviklingsprosessane: plan for opplæring av medarbeidarar, flytting/rokade, testing og validering av utstyr, etablering av ny struktur i systemportefølge (økonomi-, pasient- og personalsystem), m.v. Dette skal skje i etterkant av at ny organisasjon er etablert og fram mot innflytting i nytt bygg/nye lokalitetar.

### **Lov og avtaleverk**

Føretaket vil følgje «Retningslinjer for endringsprosessar» i Helse Fonna. Retningslinjene tek i vare krav i arbeidsmiljøloven § 8-2 samt hovudavtalen § 31 om informasjon og drøfting. Vidare §§ 6-2 og 7-2 som gjeld involvering av verneombud og behandling i AMU. Omfanget av endringa medfører at føretaket i tillegg må ta omsyn til arbeidsmiljøloven § 15-2 som gjeld opphør av arbeidsforhold og varsel til Nav.

I samsvar med retningslinjer for endringsprosessar vil føretaket opprette ei endringsgruppe og gjennomføre endringane i dialog og samarbeid med tillitsvalde og vernetenesta, på ein slik måte at arbeidsmiljø og krav til kvalitet og pasienttryggleik blir ivareteke.

Drøftingsmøte 1 er gjennomført 04.09.18 og drøftingsmøte 2 er gjennomført 18.09.18.